

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse– prosjekt for metode og kunnskapsutvikling

Kva er viktig for deg?



FOLK I SAGVÅG OG LITLABØ SINE
INNSPEL TIL TILTAK SOM FREMJAR
TRIVSEL OG FELLESSKAP

GRUNNLAGSRAPPORT TIL KOMMUNEDELPLAN FOR SAGVÅG OG LITLABØ

Innhald

Bakgrunn	2
Presentasjon av funn	5
Møteplassar som vert nytta i dag:	5
Trivsel:	7
Korleis fremje trivsel, deltaking og sosialt fellesskap?.....	9
Korleis få folk til å engasjere seg i utviklinga av bygda?	14
Konklusjon	15

Rapporten er utarbeidd i juni 2016 av
prosjektgruppa v/prosjektleder Tove V. Agdestein

Bakgrunn

Nærmiljøet vårt og lokalsamfunnet der vi bur, arbeider, går på skule, koplår av, driv fritids-aktivitetar eller berre møtes, er viktig for helsa vår. Kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord deltek saman med Hordaland fylkeskommune i eit stort nasjonalt 3-årig prosjekt om nærmiljø og folkehelse. Prosjektet er initiert av Helsedirektoratet. I alt åtte fylke og 40 kommunar frå heile landet deltek. Gjennom prosjektet håper vi på å få meir innsikt i korleis folk har det der dei bur, og korleis innbyggjarane i kommunane opplever lokalsamfunna sine. Kva er viktige kvalitetar i nærmiljøet for helse og trivselen til folk? Denne kunnskapen er vanlegvis ikkje tilgjengeleg for dei som planlegg utviklinga i kommunane.

Stord kommune har valt å knyte prosjektet direkte til kommunen sitt planarbeid med ny kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø, ein bydel med om lag 4300 innbyggjarar. Målet er å få fram lokal kunnskap som grunnlag for planlegging av **gode møteplassar** og **nærmiljø der folk kan trivast**.


Prosjektansvarleg i Stord er rådmann Magnus Mjør og prosjektleiar er folkehelsekoordinator Tove Vikanes Agdestein. Ei tverrsektoriell prosjektgruppe står for gjennomføring. Følgjande er med i prosjektgruppa: Lovise Vestbøstad, RBO (planavdeling). Cecilie Berger, Utekontakten. Trond Leirvik Onarheim, Kultureininga. Marianne Ankervold, Kundetorget/bustadtenesta. Trude Aamot, skulefagleg rådgjevar. Gunn Marit Nytræ, foreldreutval barnehage. Reidun Andersen, Nysæter kyrkje. Else Berit Helle, LivOGLyst. Tove Nygård, IL Solid, Anne Beate Sunde, Nysæter ungdomsskule.

Eit særskilt mål med prosjektet er at grupper som tradisjonelt har vore lite involvert skal få ei sterkare stemme i kommunen sitt plan- og utviklingsarbeid, og at planane såleis vert meir i tråd med lokale behov og føresetnader. Utvikling av, og erfaring med gode metodar for medverknad er nødvendig for å få dette til.

På bakgrunn av dette har prosjektgruppa valt følgjande metodar for involvering:

- Stand på nærbutikk med informasjon og intervju av kundar
- Skriftleg tilbakemelding i postkasse på nærbutikk eller på nettside
- Facebook-side
- Samtalegrupper i prosjektgruppa sine nettverk
- Prosjektarbeid Nysæter ungdomsskule (NUS) for 8. og 9. trinn
- Samle relevant kunnskap frå tidlegare undersøkingar (HK&H rapport, folkehelseforum, oversiktsdokument folkehelse)

Spørsmåla me har stilt er: 1. Kva for møteplassar folk nyttar i dag, 2. Kva i nærmiljøet som er viktig for trivsel, og 3. Tiltak som kan gjere bydelen til ein enda betre stad å vere. I alt 184 personar gav innspel på nærbutikk (168), nettside (16) eller facebook (2). Dette var personar i alle aldersgrupper og med ulike bakgrunnar:



Figur 1: Informantar nærbutikk, nettside og facebook (186 personar)


På ungdomsskolen deltok om lag 130 elevar. I tillegg kjem innspel frå deltakarar i samtalegrupper, folkehelseforum/folkemøte og HK&H (kartlegging ungd.miljø).

Undersøkinga vart gjennomført i løpet av mai/juni 2016.

Presentasjon av funn

Møteplassar som vert nytta i dag:

Matbutikken i sentrum (Kiwi) er den klart mest brukte møteplassen. Også dei andre tilboda i sentrum (restaurant, pub, bensinstasjon m.m.) og sentrumsområde i seg sjølv er nemnt av mange. Ungdom «heng» i sentrum i mangel på andre møteplassar. Båthamna og kaiområde er også ein populær møteplass, spesielt for menn. Innspela viser at Sagvåg sentrum blir opplevd som ein viktig møteplass for alle innbyggjargrupper.




Ein annan mykje brukt møteplass er idrettsanlegget til Solid og arrangement/treningar i regi av idrettslaget. Også aktivitetar i andre lag/organisasjonar og fellesarrangement der frivillige står bak er viktige møteplassar. Dette tyder på at frivillig sektor har ei svært sentral rolle når det gjeld å skape gode møteplassar i bydelen.

Mange møtest heime hos kvarandre, i nabolaget eller på private arrangement. Men nærmiljøanlegg som leikeplass og liknande er ikkje trekt fram. Slik me oppfattar det, skuldast dette m.a. mangel på gode nærmiljøanlegg i dei ulike bustadområda.

Relativt mange møter andre når dei går tur, både langs vegane og på turvegar/turstiar. Av andre tilrettelagte friluftsområde er det stort sett berre grøntanlegget på Vaskeriplanen som blir nemnt.

Skulen er, for utan å vere barn og unge sin viktigaste møteplass, også ein viktig møteplass for dei vaksne. Det same gjeld barnehage, men i mindre grad.



Figur 2: Kvar møtes folk i bydelen (funn frå nærbutikk og nettside) .

Trivsel:

Det som betyr mest for folk sin trivsel er nærleik til flott natur og høve til friluftsliv. Her er sjøen og strandsona, Storavatnet og Utslettefjellet mykje trekt fram. Lysløypa, grøntarealet, Nes-skogen, Sætrevik og Fletaneset blir og nemnt av fleire. Sagvåg er ei kystbygd, og det maritime miljøet med båthamn, kaiområde og slipp er viktig. Dette gjeld og kulturminner knytt til skipsfart og båtbygging. For folk på Litlabø er gruvene og tilhøyrande kulturminner sentrale. Banevegen bind områda saman.

Gode bu- og oppvekstområde er viktige kvalitetar for helse og trivsel. Fleire peikar på rolege, trygge og inkluderande bumiljø, gode nabolag og korte avstandar som faktorar som betyr mykje.

Sagvåg sentrum med dei tilboda som finns der er og blant dei viktigaste trivselsfaktorane. Matbutikken med post skil seg ut som det tilbodet flest trekk fram. Men også serveringsstadane og bensinstasjonen betyr mykje. Fleire nemner og sentrumsområde i seg sjølv som viktig for trivsel.

Lag – og organisasjonslivet har stor verdi. Aller viktigast er idrettslaget med sine tilbud for ulike aldersgrupper. Men også korpsa, husflidlaget, bygdalaget, motorcrossklubben og bydelsbloggen blir trekt fram. For ungdom er den kommunale fritidsklubben viktig.


Av andre offentlege tilbud er skulane og barnehagane nemnt av mange. Biblioteket sin filial i Samfunnshuset blir og peika på. Elles er gode og trygge vegar ein viktig trivselsfaktor, og fleire uttrykker glede over den nye brua.

Å ha folk rundt seg som ein trives i lag med er avgjerande for god trivsel. Og blant svara er det mange som meiner at sambygdingane er særskjelle, trivelege og positive folk. Det å ha familie og vener i nærleiken er og viktig for trivselen. Fleire nemner at dei har djupe røter i området, noko som gir ei sterk tilhøyrsl.



trivelege og positive folk. Det å ha familie og vener i nærleiken er og viktig for trivselen. Fleire nemner at dei har djupe røter i området, noko som gir ei sterk tilhøyrsl.

Ordførar Harry Herstad i samtale med elevrådsrepresentant Fredrik Vikanes Metälä på elevane sin presentasjon av innspel



Figur 3: Dei viktigaste trivselsfaktorane (funn frå nærbutikk og nettside)

Korleis fremje trivsel, deltaking og sosialt fellesskap?

Svært mange innspel handla her om fysisk tilrettelegging. Øvst av tiltakskategoriene kom nye møteplassar. Det er eit sterkt ønske om eit lokalt «kulturhus» /fleirbrukshall der både idrett og kultur kan bløme. Samstundes er det mange som ønskjer nærmiljøanlegg som kan fungere som møteplass i dei ulike bustadområda. Det synes som om fleire område manglar slike tilbod.

Å skape tilgjengelege og trivelege møteplassar i sentrum og ved sjøen blir også peika på av mange. Det handlar om grønne lunger/park, eit lite torg, fine sitjeplassar og høve til å sitje under tak når det regnar. Leikeplass for barn og tilrettelegging av badeplassar, fiskeplassar og grilling. Sjø, strand og båtliv betyr mykje for folk i bydelen, og mange ønskjer betre tilgjenge til sjøen og meir aktivitet knytt til sjø- og båtliv. Universell utforming av fellesområde er viktig for at alle skal ha tilgjenge.



Fleire unge ønskjer seg skatepark, medan eldre etterspør tilrettelagt møteplass, gjerne med høve til hobbyaktivitet. Fleire, både yngre og eldre, hadde ønskje om ein enkel og rimeleg kafé/kaffibar i sentrum, helst i nærleiken til Kiwi, der ein kan sitje å prate over ein kopp kaffi og eit tebrød. Gjerne med sitjeplass ute på sommaren. Dette var særleg etterspurd av personar som av ulike årsaker var heime på dagtid. Andre forslag var gatekjøkken/kiosk og bakeri. I samband med skjenking av alkohol kan nokon oppleve det som utrygt i sentrum på kveldstid. Det er forslag om vakthald som kan vise vekk rusa personar.

Konkrete framlegg til nye fysiske møteplassar:

- Fleirbrukshall ved Nysæter ungdomsskule
- Gapahuk/overbygd sitjeplass ved grusbanen v/ungdomsskulen
- Leikeplass/nærmiljøanlegg for Vikanes og Jensanes
- Park/friluftsområde på Sildoljeholmen/Flatholmen og ferjekaien
- Opprusting av friområdet på Fletaneset
- Park ved omsorgsbustadane i Buneset
- Tilrettelagt gjestekai i Sagvåg sentrum
- Utandørs møteplass og badeplass ved sjøen i sentrum, ev. ved elva.

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse– prosjekt for metode og kunnskapsutvikling

- Opprusting av grøntanlegget ved på Litlabø, m.a. med leikeplass for barn og ulike aktivitetar
- Utandørs møteplass ved Kiwi, ev. kombinert med kafé/kaffibar/gatekjøkken
- Kafe i gamle «Losje-huset»
- Leikeplass i sentrum
- Skatepark ved «Rimi-bygget» eller ferjekaien
- Drive-in kino ved Rimi



Nokre av elevane sine innspel. Foto:NUS

Fellesarrangement blir trekt fram av mange som noko som fremjar trivnad og fellesskap. Det kan vere festivalar, bydelskafear/festar, rekefest på kaien, dugnadar, marknad, turar, m.m. Å leggje til rette for slike tiltak er såleis viktig. Det er ønskje om ein større møteplass/torg i eller nær sentrum med bord/benker og gjerne ein sene som kan nyttast til ulike arrangement . Tilgang til rimelege lokale er og ein viktig faktor for at frivillige kan lage arrangement der alle kan delta.

Lag og organisasjonar spelar ei viktig rolle som møteplass og trivselsarena. Å rekruttere fleire til frivillig sektor blir foreslått av fleire. Tilgjengeleg informasjon er her eit viktig tiltak. Eit forslag er å ha ei oppdatert informasjonstavle i sentrum. Andre tiltak som blir nemnt er tilgjengelege lokale, fleire

lågterskeltilbod, og utviding av tilbodet. Ungdom ønskjer seg aktivitetar med mindre fokus på prestasjon, og betre aktivitetstilbod i helgane. Vel-laga blir nemnt som ein god arena for å inkludere nyttilflytta og andre med lite nettverk. Eit anna framlegg er å nytte skulane meir som arena for aktivitet. Sosiale medium er eit godt verktøy for å få kontakt. Ein ønskjer at kommunen skal leggje til rette og støtte opp under organisasjonslivet, og invitere til samarbeid rundt tiltak.

Fleire hadde ønskje om nye aktivitetar. Følgjande forslag var nemnt:

- Utetrening ved «rimi-bygget»
- Utandørs treningsapparat/treningsløype med stasjonar
- RC-klubb (radiostyring)
- Klatrehall/ innandørs klatrevegg
- Snikkerbu/hobbyverkstad
- Sykkelcross
- Gokartbane i Hustrudalen
- Sandvolleyball
- Petanque
- Offentleg symjehall
- Aktivitet for førskulebarn
- Kor

Tilgjengeleg og trygg kommunikasjon mellom bustadområda og dei ulike tilboda blir peika på som nødvendig for fellesskap og deltaking. Betre busstilbod som er tilpassa behovet er særleg viktig for barn/unge og eldre. Trygge gang- og sykkelvegar frå bustadfelt til skule, fritidsaktivitetar og sentrum blir og løfta fram. Når mange aktivitetar går føre seg rundt Leirvik, blir manglande tilrettelegging for alternativ transport ei barriere som blir opplevd diskriminerande. Opprusting av dårlege vegar blir peika på av fleire, her er Utslettevegen, Grunnavågen og Snikkarsvingen spesielt nemnt.

Mange er opptatt av dei offentlege tilboda sin verdi for trivsel og fellesskap. Barnehage og særskilt skule i nærmiljøa synes å vere viktig for alle aldersgrupper. Uro knytt til desse tilboda skaper stress, og ein ønskjer difor eit føreseieleg tilbod fram i tid. Ny ungdomsskule er eit sterkt ønskje. Skulane sine uteareal er viktige nærmiljøanlegg. Betre tilrettelegging av grusbanen ved ungdomsskulen m.a. for ulike ballspel kan vere eit godt tiltak for dei unge sin trivsel og aktivitet.

Kulturskulen har relativt få medlemmer frå Sagvåg/Litlabø, noko som m.a. skuldast lang avstand og dårleg busstilbod. Eit meir desentralisert tilbod blir difor etterlyst. Fritidsklubben er ein viktig møteplass for ungdom som bør marknadsførast meir mot dei yngste gruppene. Fleire peikar på trong for utvida opningstid og tilbod. Det er og ønskje om utekontakt og helsestasjon for ungdom i bydelen. Eit forslag handlar om å opprette tilbod der personar utan jobb/skule kan gjere noko for lokalsamfunnet. Leggje til rette for frivillig arbeid på dagtid.

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse– prosjekt for metode og kunnskapsutvikling


Mange etterspør betre tilbod til eldre i Sagvåg og Litlabø. Eldresenter, sjukeheim og fleire omsorgsbustadar i bydelen blir her trekt fram. Framtidig bustadutbygging er og noko ein er opptatt av, og det kjem fram ønskje om fleire bustadar i nærleiken av sentrum. Det blir stilt spørsmål om kva som skjer med vedtekne reguleringsplanar m.a. for Almås.

Estetikk og miljø betyr mykje. Det handlar om rydding og vedlikehald i nærmiljøa, fjerning av forfalne bygg, utsmykking av offentlege rom, rein og innbydande strandsone og gode vasskvalitetar i sjøen og Storavatnet. God skjøtsel av kulturminna er og ein del av dette. Særskilt er det ønskje om å ta vare på kulturminne i Gruo, saga i Sagvåg og verven på Jensanes. Fleire peikar på vedlikehald av offentlege bygg og område som viktig for trivsel. Dette gjeld både kommunale bustadar, skule og andre kommunale bygg, fellesareal i sentrum og friområde. Samarbeid mellom kommunen og frivillige blir foreslått som ein god strategi for dette arbeidet.



Som vist tidlegare i rapporten er Sagvåg sentrum og dei sørvistilboda som finns der svært viktig for trivsel og sosialt fellesskap. Mange innspel om nye tiltak handlar om å utvide sørvistilbodet. Blant det som er mest etterspurd, er eit legesenter. Mange uttrykte sagn etter at legekantoret vart flytta til Heiane. Andre tilbod ein ønskjer er fleire butikkar/kjøpesenter, apotek, marina med bunkring, fleire serveringsstadar (kafé, gatekjøkken) og fibernett/betre internett-tilbod. Det er og eit stort ønskje om å få eit offentleg toalett i sentrum. Å bruke og utvikle dei tilboda som er etablert er også noko det var fokus på. Dette gjeld m.a. Samfunnshuset m/biblioteket, pub/kafé / restaurant og bensinstasjonen.

Større satsing på turisme vart nemnt av fleire. Forslag til tiltak her er betre tilrettelegging for båtturistar, utvikle kulturminna som turistmål og etablere bubilparkering. Sørvistilbod handlar og om etablering av lokale arbeidsplassar, noko fleire er opptatt av. Det er då viktig at kommune og næringsliv spelar på lag.




Turvegane og naturområda er viktige for trivselen til mange, og det er ønskje om fleire turveggar. M.a. er det framlegg om turveg/sti rundt Storavatnet og langs sjøen frå Sagvåg til Jensanes. Det blir og peika på at eksisterande turveggar og friluftsområde må haldast ved like. Særleg blir her nemnt badeplassane ved Fletaneset og Sætrevik, og grøntanlegget på Litlabø. Det er ønskje om å etablere turveggar og badeplass ved utløpet av elva i Sagvåg sentrum. Fleire tilrettelagte grøntområde/parkar er og nemnt av fleire.



Trivsel heng saman med identitet og tilhørslse. Å styrke områdeidentiteten og tilhørslse blir trekt fram. Her har skulen ei viktig rolle ved å inkludere lokalkunnskap og byggje opp under den lokale identiteten. Fleire peikar på at eit triveleg nærmiljø er noko alle har ansvar for. Folk må ta initiativ til å bli betre kjende med kvarandre. Ein må bli flinkar til å ta kontakt og inkludere nye innbyggjarar. Gjerne invitere folk heim til seg. Det er viktig å framsnakke bydelen og bidra til eit positivt omdøme.

Høve til medverknad har også fått fokus. Det er ønskje om at folk blir meir involvert i planlegging. Framlegg til tiltak er praktisk opplæring i lokaldemokrati og politisk arbeid, og å etablere ungdomsutval i frivillige organisasjonar.



Figur 4: Fordeling av trivselsfremjande tiltak på ulike kategoriar

Korleis få folk til å engasjere seg i utviklinga av bygda?

Engasjerte og aktive innbyggjarar er ofte ein føresetnad for å få til endring. Men det er ikkje alltid slik at folk utan vidare står fram og gjer ein innsats for å få til god utvikling. På spørsmål om kva som trengs for å skape engasjement vart følgjande faktorar mest vektlagt:

- Oppleving av at ein blir høyrte og tatt på alvor, og at det er interesse for saka
- Synlege resultat av involveringa
- Tilgjengeleg og god informasjon som folk forstår
- Tilrettelegging slik at medverknad skjer på innbyggjarane/gruppene sine premisser

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse– prosjekt for metode og kunnskapsutvikling

sterkt ønskje frå alle innbyggjargruppene. Natur, friluftsliv og båtliv betyr mykje for trivselen, og mange er opptatt av å leggje betre til rette for friluftaktivitetar både i strandsona og elles. Dette gjeld og sentrale kulturminne som gruvene og saga i Sagvåg. God tilgang til offentlege tenester og tilbod er ein annan viktig faktor, dette handlar både om lokalisering og om brukartilpassa transporttilbod. Nabolag er ein god arena for inkludering, men ein del bustadområde manglar opparbeidde møteplassar. Ungdom etterlyser trivelege og opne møteplassar der alle er velkomne.

Det er få innspel som gjeld arbeidsliv og arbeidsplassar. Dette kan tyde på at folk ser Sagvåg-Litlabø først og fremst som eit bu- og oppvekstområde, og at bumiljøet og teneste-, sørvis- og fritidstilbodet er viktigare for trivselen enn satsing på lokale arbeidsplassar.



Storavatnet v/grøntanlegget på Litlabø